



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/787 - 19/27234

Saksbehandlar:  
Hans Kristian Dolmen  
hans.kristian.dolmen@lindas.kommune.no

Dato:  
11.09.2019

## Detaljplan Eikefet - Urdal - Søknad om drift av deponi - planID 1263-201107

Lindås kommunen syner til dykkar førespurnad (ref. 2018/1224) knytt til løyve etter forureiningslova om drift av deponi innan for planområdet Eikefet – Urdal.

Lindås kommune vedtok endring av detaljplan for området i sak 022/19 den 4.4.2019. Endringa av plan har gått føre seg ei stund, men legg til rette for etablering av deponi for mottak av forureina masser innan for ein del av planområdet. Tilkomst skal vere frå E39 og opp Urdalen.

Tilhøve som generelt sett kan knytast til forureining eller påverknad på omgjevnadane er mellom anna omtalt i planskildringa (kap. 6) og gjeve rammer for i føresegna §§ 1.3, 1.6, 1.7.5, 2.1.9, 2.3 og 2.4. Me vil vidare peike på krava om rekkjefølgje (§ 1.6) som må vere omsøkt, opparbeidd og godkjent før ein kan ta delområdet i bruk til deponi.

I gjennom planprosessen er det teke opp av grunneigar og brukarar av område i eller opp til planområdet at ein meiner det er avrenning til fjorden då ein ser misfarging av vatnet. Det kan vere fleire årsakar, men det er stilt spørsmål med om kavlitet eller kapasitet til eksisterande «system for oppsamling» er godt nok. Vidare er det og tidlegare teke opp spørsmål knytt til støy og støv.

Der er moglegvis andre tilhøve knytt til gjennomføring som trafikk og tilhøvet til andre brukarar og grunneigar, men me oppfattar at det ligg utan for denne uttalen. I høve til omtalen som er gjeve i søknaden oppfattar Lindås kommune at denne er i tråd med reviderte plan for området.

Med helsing

Hans Kristian Dolmen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Vedlegg:**

DP Eikefet Urdal Føresegner 240119

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Vestland

Postboks 7310

5020

Bergen